



DEN NORSKE KYRKJA
Bremnes sokneråd

MØTEBOK BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Asbjørn Gundersen, Lene Fylkesnes Nesse, Hanna Sortland Raknes, Kjersti Mæland, John Olav Habbestad, Åse Innvær, Astrid Farestveit Gane, Margot Totland Laurhammer

Varamedlemmer: Ingen

Møtestad: Bremnes Kyrkje
Tid: Tysdag 26.05.2020 kl.20.00

Sak 05-01-20: Godkjenning av innkalling

Innkalling bør sendes ut i god tid før møte, minst ei veke på forhand.

Sak 05-02-20: Godkjenning av møtebok 21.04.2020

Sak 05-03-20: Referatsaker

Sak 05-04-20: Økonomi

Økonomisk status

- Forslag til revidert budsjett. Dette arbeidet er påbegynt, og ein vil søkje innspel frå dei ulike utvala (kyrkjemusikalsk, trus opplæring, diakoni...) om deira behov for økonomiske midlar resten av året.
- Det har vore litt forvirring i forhold til offer og offerinntekter i perioden gudstenestene har blitt sendt på nett. Offeret som skulle gå til Misjonshøgskulen den 22.03.20 gjekk til eige kyrkjelydsarbeid. Soknerådet vedtok difor å sende ei gåve tilsvarende det beløpet som kom inn på den gudstenesta til Misjonshøgskulen.

Sak 05-05-20 Flygelinnsamling

Kor møkje er samla inn til nå? Fungerer den oppsette komiteen? AU har drøfta saka ut i frå ulike innspel og foreslår at leiar av komiteen skal vera ein person frå Soknerådet, slik det fyrst var bestemt.

- Det er pr i dag samla inn kr 283.000,-
- Det vart vedteke at soknerådsleiar trur ut av flygelkomiteen og at Åse Innvær erstattar han.
- Kantor har fungert som leiar i komiteen. Soknerådet ber om at komiteen har eit konstituerande møte før sommarferien. Soknerådet ynskjer referat frå møta.



Sak 05-06-20 Orientering frå dei ulike utvala/komiteane

Fellesrådet: Fellesrådet har vore på synfaring på Foldrøy og Moster sine gravplassar. Det minkar på kapasiteten på desse to. Moster kyrkje skal malast og anbod innhentast. Bremnes kyrkje treng vask og etter kvart maling. Port søyler og lyktestolpar treng vedlikehaldsarbeid.

Trus opplæring: Det har vore gjennomført babysong på nett. Konfirmasjonar er utsett til September. Konfirmant turen på «Statsråd Lehmkuhl» vert mest sannsynleg avlyst i forhold til koronaregler.

Diakoniutvalet: Har starta med open kyrkje annakvar torsdag. Liten oppslutning, men flott oppleving for dei som møtte. Ikkje avgjort kor lenge ein fortset med dette. Ein har starta opp med blome levering igjen.

Dåpsvertar: Det er to dåpsvertar som kan delta under dåp no pga korona situasjonen. Ein treng rekruttera fleire framover. Det er behov for eit informasjon skriv med retningslinjer for dåpsvertar.

Sak 05-07-20 Filming av gudstenester

Kva meiner soknerådet om filming av gudstenester for offentlig framføring i framtida når det vert opna for publikum.

Denne saka vil bli drøfta vidare av fellesrådet og sokneråda i lag med kyrkjekontoret for å finne beste løysing. Her er personvern viktig å tenkje på.

Sak 05-08-20 Rekruttering

Skulle ein prøvd å få tak i personar/ungdommar som kan vera med og hjelpe til med filming og teknisk i kyrkja?

Forslag frå kantor at ein kan engasjere TenSing ungdom som har litt erfaring. Det er nødvendig med god opplæring. Konfirmant ungdom kan og engasjerast, men det krev opplæring før dei kan delta på gudstenester/andre arr.

Sak 05-09-20 Orienteringssaker

Kva ynskjer soknerådet å bruke pengar til kyrkjemusikalsk arbeid på.

- Kantor kan fritt nytte dei midlar innanfor ramma i budsjettet som er sette av til kyrkjemusikalsk arbeid.
- Tilbod om konsertar og liknande arrangement skal kantor drøfte med kyrkjemusikalsk kontaktperson.

Sak 05-10-20 Eventuelt

- Forslag om å kjøpe inn ei påskjønning i form av kake og blommar frå alle sokna i kommunen til kyrkjekontoret for det gode arbeidet dei har lagt ned i korona tida, samt ide og arbeid med filmen til 17.mai.
- Forslag til salme / song kveld i kyrkja. Ein ynskjer og utfordra kantorane til å vera med å dra dette i gong.

John Olav Habbestad
leiar

Margot Laurhammer
Sekretær